

**KONTROLLUTVALET I
GISKE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 09.05.2018 kl. 13.00

Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Gunnar Morsund

Elles til stades: Anne Lise Hessen Følsvik, Dag Oksnes, Arnfinn Rune Giske og Bjørn Tunheim (vara)

Karin Kalvø Giske hadde meldt forfall.

= 5 voterande

Frå administrasjonen møtte rådmann Marit Larsen på deler av møtet.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte revisor Svein Ove Otterlei og oppdragsrevisor Knut Gunnar Alnes.

Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista blei godkjent.

SAK 07/18

Godkjenning av møtebok frå møte 05. februar 2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 05. februar 2018 blir godkjent.

SAK 08/18
Årsmelding 2017 – Giske kommune.

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.05.2018 (epost)

Sekretariatets innstilling til vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2017 for Giske kommune til orientering.

Leiar Gunnar Morsund fremma på vegne av kontrollutvalet fylgjande punkt 2: Kontrollutvalet ber administrasjonen utarbeide ein kortversjon av Årsmeldinga 2017 i papirformat som kan delast ut til innbygarane etter behov.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek årsmelding 2017 for Giske kommune til orientering.
 2. Kontrollutvalet ber administrasjonen utarbeide ein kortversjon av Årsmeldinga 2017 i papirformat som kan delast ut til innbygarane etter behov.
-

SAK 09/18
Årsrekneskap 2017 – Giske kommune.

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.05.2018 (epost)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak til uttale:

1. Giske kommune sin rekneskap for 2017 blir godkjent.
 2. Kontrollutvalet rår kommunestyret til å sjå nærare på meirforbruk innanfor Rammeområde 3, fellesutgifter – fellesinntekter, i høve til regulert budsjett.
-

SAK 10/18
Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Giske kommune.

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.05.2018 (epost)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 11/18

Eigarskapsmelding av ÅRIM (Ålesundregionens interkommunale miljøsekskap IKS). Kunnskapsdeling med Giske kommune.

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.05.2018 (epost)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 12/18

Oppfølging av sak 2/18. Forslag på skisse til å undersøkje «tilsynsførar» funksjonen i barnevernet i Giske kommune.

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.05.2018 (epost)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet i Giske vedtek å gjennomføre ein rapport innanfor tilsynsførar funksjonen i barnevernet i tråd med saksutgreiinga.

Møtet ble avslutta kl. 15.40

Gunnar Morsund leiar (sign)	Dag Oksnes nest leiar (sign.)	Anne Lise H. Følsvik medlem (sign.)	Anfinn Rune Giske medlem (sign.)	Bjørn Tunheim varamedlem (sign.)
-----------------------------------	-------------------------------------	---	--	--